



Nr. 3 – JUNI 1992 – 20. ÅRGANG

RYGJAVEGEN

BEDRIFTSBLAD FOR STATENS VEGVESEN ROGALAND



*God
sommar!*



STATENS VEGVESEN
ROGALAND

AV INNHALDET

- Landskapsarkitekt for miljø
- Tryggare trafikk i Skjold
- Rullande biltilsynskontor
- Vegpensjonist og bonde
- Vår nye verneleder



Nr. 3 - juni 1992

Redaktør
Harald Sel

I redaksjonen
Johan Lund
Eva Vivoll

Redaksjonsråd
Halvor Folgerø
Njål Hanasand
Reidun Lanne
Irene Stangeland
Kjell Einar Tronstad
Solveig Yndesdal

Sats/layout
Bodil Dam Bustad

Trykk
Allservice AVS

Forsidefoto
Harald Sel

Baksidefoto
Harald Sel

Opplag
1650 eksemplar

Vegsjefens 3 minutter...

Først av alt vil eg ynskje alle i vegvesenet ein god sommar og ein god sommarferie.

Vårt store prosjekt, Rennfast går framover og vil bli ferdig i desember i år. Me har innbede Kongen til å åpne vegen for oss. Han har enda ikkje sagt ja, men heller ikkje sagt nei, så me vonar framleis. Sjølv om me ha mangt å glede oss over med dette anlegget, så er det også skjær i sjøen.

Først nå, i slutten av mai, har departementet avgjort at det skal vera to ferjer i det nye ferjesambandet mellom Rennesøy og Bokn. Når me veit at Stortinget faktisk bestemte det same i november i fjor, så var det på tide.

Me har nå berre tida og vegen til å skaffe ferjemateriell, gje konsesjon og gjera nødvendige avtalar innan den dagen Rennfast blir opna.

Eit anna problem kan bli den uviljen mange kan få til Rennfast-prosjektet på grunn av alt det som nå blir skreve og sagt om bompengar og bompengetakstar i framtida.

Både politikarar og andre maler ei svart framtid for dei som bur på Rennesøy,- med fråflytting og heilt urimelig store reiseutgifter for m.a. pendlarane.

Eg må seie at denne hetsen mot Rennfast gjer meg svært betenkt og eg vonar at me kan nå fram til publikum og til våre politikarar med rett informasjon om fordelar og ulemper for trafikantane.

For framtida er ikkje så svart og kostnadane er ikkje så store som mange vil ha dei til. Dersom me kan få dei fleste trafikantane til å akseptere at dette er eit samarbeidsprosjekt som me alle må vera med på å betale for, og dersom me samstundes kan ha eit nivå på bompengetakstane som dei fleste kan leve med, så er eg framleis optimist. Så langt ser det ut til at vi i vegvesenet skal greie vår del av jobben, - og det skal me i alle fall vera glade for.

Idiotar i trafikken

I Tillitsvalgtes spalte i dette nr. av Rygjavegen fortel Tor Arvid Braut om guten som før ein gong skuld blir kjørt til og frå barnehagen av mora i staden for faren. Om kvelden sa guten til faren: Pappa, i dag var det ingen idiotar ute og kjørte.

Historien er god. Han rører ved kjernen i det som har med haldningane våre i trafikken og til medtrafikanter. Og ikkje minst, det handlar om å skapa haldningar hos dei som om få år skal bli trafikantar.

Det er så lett å sjå feil hos andre, i trafikken som elles. Som bilist ser ein idiotar på sykkel, - eller til fots. Som

syklist møter ein massevis av idiotar bak eit bilratt. Som fotgjengar ser ein gjerne idiotar både i bil og på sykkel.

Kven som er dei største idiotane skal vera usagt. Spørsmålet er heller ikkje så interessant. Viktigare er det at me alle viser toleranse overfor medtrafikanter og heller konsentrerer oss litt meir om vår eigen adferd i trafikken.

Med det utgangspunktet bør det kunne bli ein GOD TRAFIKKSOMMAR for dei fleste av oss.

Harald Sel

INNHALD

Vegsjefens 3 minutter	2
Idiotar i trafikken	2
Miljøsatsing i Statens vegvesen ..	3
Rullande biltilsynskontor	4
Sykkelbykonferanse i Sandnes ..	4
Gjennomslag i Byfjordtunnelen ..	5
Verdens lengste og djupaste undersjøiske vegtunnel	6
Åmøybrua bygges på Karmøy	7
Vegarbeidarane i vørnesko frå Sokndal	8
Veghistoriske kulturminne	8
Norsk vegmuseum	8
Biltilsynet på storkontroll	9
Tanker på sykkelsetet	10
Tryggare trafikk i Skjold	11
Lars Surdal - vegpensjonist og bonde	12
Saltebakken senka	13
Landskapsarkitekt for miljøsatsing	14
Vårpuss på rasteplassane	15
Anleggstart Botne - Hølleli	15
Vidunderbil fra Finland til Bergen	16
Fornøyd elev ved Anleggleaderskolen	16
Kryssord	17
Seriedebut for damelag i fotball	18
Vegmesterskapet i landevegsløp	18
Midtsommartrim på Bokn	18
Holmenkollstafetten	19
Funksjonsfeil ved trafikklys	19
Olav Kleven - vår nye verneleder	20
Vern og helse	21
Jøsenfjord-veteraner pensjonert	22
Nye medarbeidarar	22
Gretha Tollefsen til minne	23
Ludvig Prante til minne	23
Jubilantar	23
Kari og Svein Magne i nye verv	23
Nye vegnummer	24
Arbeid på Hunnedalsvegen	24
Vegmuseet i museumsstafetten	24
Feriebilen	26
Rygjamat	26
Sinte bilistar	27
Tillitsvalgtes spalte	27

Miljøsatsingen i Statens vegvesen

Av plansjef Halvor Folgerø



I disse dager vil alle ansatte i vegvesenet motta en grønn trykksak med tittelen: "Vi satser på... Miljø- og trafikk-sikkerhetsmenyen".

Brosjyren er en del av informasjons-tiltakene omkring vegvesenets satsing innen miljø- og trafikk-sikkerhet og er samtidig en kortversjon av den handlingsplanen som er utarbeidet i denne sammenheng.

Vegvesenet har tidligere hatt egne opplegg for å samordne innsatsen når det gjelder trafikk-sikkerhets-satsing. Det nye denne gangen er at også miljøet tas med på bredt grunnlag for å synliggjøre etatens satsing på dette området.

Handlingsplanen presenterer ulike enkelttiltak innen 5 innsatsområder "Sykkel", "Trivelige byer og tettsteder", "Vakre vegger", "Sikre og Sunne vegger" og "Trafikanter". I alt presenterer menyen 32 "retter" eller enkelttiltak som det enkelte vegkontor kan velge ut fra. Minst 10 "retter" skal velges. Vegkontorene har frist til 1. juli d.å. for å melde inn sine menyvalg til Vegdirektoratet.

Vi har lagt opp prosessen slik hos oss at de enkelte avdelingene kommer med forslag innenfor sitt ansvarsområde. Deretter vil Miljøgruppen behandle forslagene fra de enkelte avdelingene og utarbeide et anbefalt forslag som legges fram for Leder møtet som vil foreta endelig utvelgning og prioritering av de tiltak Statens vegvesen Rogaland vil satse på.

Ved et slikt opplegg vil svært mange i vår organisasjon få medvirke i prosessen og dermed innvirke på hvordan etatens miljøprofil skal utformes og hvilke tiltak som skal prioriteres videre fremover. Dette skulle i neste omgang også være en garanti for et godt resultat i gjennomføringsfasen og ikke minst etter at de enkelte tiltak er blitt tatt i bruk.

Selvsagt har vegetaten tenkt miljø i ulike sammenhenger tidligere og vist det gjennom praktisk handling. Det nye er imidlertid at miljø-satsingen nå skal gjennomføres på en mere bevisst og planmessig måte og at vi skal øke innsatsen på området. Det legges også opp til en bedre synliggjøring av vår innsats og en oppfølging av de oppnådde resultatene. Vi kan også si det slik at vi med dette vil sette en standard for miljø-satsingen i etaten.

To andre stikkord er helhetstenking og samarbeid mellom de ulike avdelingene i etaten, og i denne prosessen vil den nyopprettede miljøgruppen spille en viktig rolle. Som kjent er gruppen sammensatt av en representant fra hver av resultat- og servicceenhetene i vegvesenet.

Jeg tror at vi står overfor mange viktige og interessante oppgaver de nærmeste årene som vil gi oss muligheter til å vise at etaten virkelig tar miljøutfordringen på alvor.

Rogalands første utekontroll-bil

Rullande biltilsynskontor

Biltilsynet i Rogaland har fått sin første utekontroll-bil. Mens ein tidlegare brukte privatbilar til transport av både folk og utstyr, tar en seg nå fram til kontroll-plassen i eit lite vedunder av ein gul vegvesen-bil.

Tekst og foto: Harald Sel

Bilen er både eit lite mobilt kontor og eit transportmiddel. Nødvendig teknisk utstyr, som vekt og avgassmålar, er plassert

permanent i bilen. Ja det fins til og med knaggar og tørkemuligheter for våte kler. Ved lengre kontrollar i ruskever, kan ein altså både ha med seg kledskift og varma seg inne i bilen.

Leiar for utekontrollen, Egil Olsen, seier til Rygjavegen at bilen svarar til forventningane og vel så det.

- Dette å ha eit rullande kontor f.eks., effektiviserer arbeidet veldig. Me har telefax, mobiltelefon og datautstyr som kan gå direkte inn på alle sentrale

register. Dermed kan me f.eks. kontrollera om avgifter er betalte.

Dersom ein bilist har betale ei avgift så nær innpå kontrollen, at dette ikkje er registrert, kan ein ofte få dette avklart straks ved hjelp av telefon og oversending av kvitterings-kopi på telefax.

Elles er det jo flott å ha skrivepult inne i bilen, og plass der me kan ta kunden inn og han får sitte ned når ting skal ordnast eller det er noko ein må snakka om. Før sat me i vogntoget - "på bortebane" i slike tilfelle, nå gjer me det "på heimebane".

Olsen seier at fordclane ved å ha eigen utekontroll-bil i særleg grad viser seg ved store kontrollar. Effektiviteten er blitt større, og fleire bilar kan kontrollerast på kort tid.

Ein del av det tekniske personalet ved Biltilsynet i Stavanger klar til å ta i bruk den nye utekontroll-bilen. Fra v.: Avd. ing Svein O. Kyte, Inspektør Egil Olsen, Inspektør Sverre Dybdahl, Inspektør Alf K. Kristiansen og ingeniør Arild Netland. Biltilsynssjef Ivar Fett har alt "inntatt" vidunderet, og me skimtar han bak glaset til høgre for Sverre Dybdahl.



Sykkelbykonferanse i Sandnes

Sykkelbykonferansen 1992 blir arrangert i Sandnes 28. og 29. oktober. Dette er den andre konferansen i sitt slag. Den første blei arrangert i Tønsberg i fjor.

Konferansen er berekna på mellom andre lokalpolitikarar, samferdselspolitikarar i stat og kommune og andre som arbeider med miljø- og transport-saker.

Ferske kunnskaper om sykkelbruk i Norge og erfaringar frå Europa blir presentert på konferansen. Her står dei to sykkelbyane, Sandnes og Tønsberg, sentralt.

Sykling er sundt, miljøvennleg, billig og lite arealkrevande. Difor er sykkelen igjen i ferd med å bli sett på dagsorden, heiter det i invitasjonen til sykkelbykonferansen.



Sykkelbyen Sandnes

Gjennomslag i Byfjordtunnelen

27. mars small siste skotet i dei undersjøiske tunnelane på Rennfast-prosjektet. Det var vegsjef Chester Danielsen som tende lunta.

Tekst: Harald Sel

Foto: Bård Asle Nordbø


Dermed var gjennomslaget i Byfjordtunnelen eit faktum. Litt over 5.800 meter lang er han og det djupaste punktet er 233 meter under havflata. Tunnelen er dermed ikkje berre den lengste undersjøiske tunnelen i verda, men også den djupaste.

Drifta i Byfjordtunnelen var ikkje berre enkel. På ein strekning frå Harestad-sida var fjellet dårleg, slik at eit omfattande sikringsarbeid måtte til. Ei tid var tunneldrifta nede i 4 - 5 meter pr. veke, mens ein i den beste veka var oppe i heile 69 meter.


Tunneldrifta i Byfjordtunnelen er det entreprenørfellesskapet Rogaland

Contractors (RC) som har stått for. Bak firmaet står T. Stangeland A/S, Bertelsen & Garpestad A/S og Kruse Smith A/S.

Omlag 60 personar har vore i arbeid i tunnelen under driftsperioden på godt og vel 20 månader.



Vegsjef Chester Danielsen tenner lunta som skal fyra av den siste salven i Byfjordtunnelen. Skytebas Wilhelm Nødregård held lunta, og til høgre for han igjen står dagleg leiar i Rogaland Contractors Eirik Elnum.



Siste skift med boreriggen før gjennomslaget i verdens lengste og djupaste undersjøiske vegtunnel.



At begge Rennfast-tunnelane nå er råsprengte, og at Rennesøy kommune dermed langt på veg er landfast, blei feira under ei tilstelling på Finnesand grøndahus. Her fekk mellom anna prosjektleder Tor Geir Espedal (t.v.) overrekt blomster av ordførar Svein Helgesen.

Verdens lengste og djupaste undersjøiske vegtunnel

Rennfastprosjektet har tilsaman 10,2 km med undersjøiske vegtunnelar fordelt på dei 2 tunnelane under Mastrafjorden og Byfjorden. Byfjordtunnelen, som er 5834m og som går ned til 223 m.u.h., er verdens lengste og djupaste vegtunnel. Den hadde gjennomslag 27.mars i år. Ein milepæl i prosjektet var då nådd, og det var anledning til å feira at Rennfast=sant.

Av Solveig Yndesdal

Anleggsarbeidet med begge tunnelane starta sommaren 1990, og det har vore drift frå begge endar i kvar av tunnelane.

Arbeidet har gått etter såkalla Nordsjø-ordning med drift 20 timar i døgnet. Etter gjennomslaget i Mastrafjordtunnelen i november sist år, har arbeidstida der blitt redusert, medan arbeidet i Byfjordtunnelen truleg vil måtta gå med 2 skifts-ordning mesteparten av tida for å bli ferdig til opninga i desember.

"Mangesidige" tunnelar

Begge tunnelane går med fall/stigning på opp til 80‰. Det vil bli 3 køyrefelt, 1 i nedoverbakke og 2 oppover. Parti med vasslekkasje skal sikras med kvelv, slik at køyrebaneane blir dryppfrie. På det djupaste punktet i kvar av tunnelane skal det lagas oppsamlingsbasseng for lekkasjevatt, og frå desse bassenga skal vatnet pumpas ut.

Elektriske anlegg for lys, ventilasjon og pumper vil bli forsynt frå 7 trafostasjonar i Byfjordtunnelen og 5 i Mastrafjordtunnelen. For installasjon av lys, skal det monteras kabel på bru i tunneltaket langs heile strekningane. Belysningen blir montert på desse kabel-bruene.

Tunnelane vil bli knytta til styre- og overvåkingsanlegget for Bærheim vegstasjon. Det vil bli montert anlegg for radio og mobiltelefon i tillegg til nødtelefonar for kvar 250 m. E-verket og Televerket skal og leggja sine kablar i grøftene gjennom tunnelane.

Sikring

Entreprenørane, som er Rogaland Contractors og Statens vegvesen Rogaland sine tunnelfolk, har under tunneldrivinga prøvd å få med seg mest muleg av den permanente fjellsikringa og sprengning av grøfter. Sprengning av nisjer og oppsamlingsbasseng for innlekkasjevatt er og blitt sprengt under drivinga.

Arbeidet framover

I tida frå gjennomslag og fram til opning er det mange arbeidsoperasjonar som skal utførast. Ved gjennomslaget i Mastrafjordtunnelen var berre ca. 55% av planlagte kostnader (inkl. installasjonsarbeid)

utført, og omtrent det same talet gjeld for Byfjordtunnelen.



I tillegg til entreprenørfirmaet ABB Installasjon AS som har fått elektroanbudet, så skal Rogaland Contractors og Statens vegvesen fullføra sine arbeid i henhold til kontraktane.

Den permanente sikringa skal kompletteras og grøfter med kummar og røyr skal etableras. Før den nye veggen blir bygd opp, skal det renskast til nakent, fast fjell.

I tillegg skal det inn underentreprenør for å montera vann og frostsikringskvelv. Det må derfor fortsatt full innsats og god koordinering til for å få alt klart til opninga i desember.

Kart over Rennesøy, som viser det nye tunnel-, bru- og vegsystemet.

Nedanfor: Profil av Byfjordtunnelen.



Åmøybrua bygges på Karmøy

Dette er ikke helt sant, men som det fremgår av overskriften, prefabrikeres mesteparten av betongkonstruksjonene til brua på Husøy i Karmøy kommune. Det er faktisk kun landkar og øverste del av bruoverbygningen som støpes på brustedet i Åmøysundet. Elementene i brukonstruksjonen vil bli fraktet på lekter, og montert med kranskip på brustedet.

Tekst og foto: Ernst Owe Strøm

Åmøybrua, som geografisk er plassert

mellom V.Åmøy og Sokn, vil gi Austre og Vestre Åmøy fastlandsforbindelse via Rennfast-prosjektet. Brua er 280 m lang og 9,25 m bred inkl. g/s-veg, og inngår som en del av fv.441.

Brua vil bli bygget som en bjelkebru med spennvidder rundt 30 m, og seilingshøyde 16 m. Kontraktssummen med Veidekke Røthing er på 13,6 mill.kr. med ferdigstilling 1/12-92. Tilknytningsvei på ca. 1,5 km på V.Åmøy, er i disse dager ute på anbud.

Prefabrikasjon

Etter hva vi erfarer, er det første gang at en konsekvent har gjennomført

prefabrikasjonsprinsippet på en bru av slik størrelse. Undertegnede mener prefabrikasjon har sine åpenbare fordeler ved visse bruløsninger.

Anbudsinnydelsen med alternative byggemetoder, viste at prefabrikasjon ble billigere enn stedstøpte konstruksjoner. Videre har man optimale forutsetninger for å oppnå god kvalitet på betongarbeidene, og unngår dermed skadene man ofte får ved undervannsstøp. Kortere byggetid og mindre væravhengighet, er også moment som taler til fordel for prefabrikasjon.

Montering

Fundamenteringsarbeidene i Åmøysundet foregår for fullt, og skal være ferdigstilt innen 9.juni d.å. Montering av de minste soklene i sjøen skal da starte. Kranskipet Ugland vil 18. og 19. juni forestå monteringen av de tre største soklene, som veier inntil 570 tonn.

Siden vil monteringen av de andre elementene som søyler, bjelker og dekke-elementer foregå kontinuerlig, og være avsluttet i løpet av juli. Etter at dekke-elementene er utlagt, gjenstår en monolittisk påstøp med tykkelse 18 cm.

FOU-prosjekt


Brua inngår som en del av et Fou-prosjekt vedrørende forbedring av betong-overflater. Dette er omtalt i forrige utgave av Rygjavegen.

Estetikk

Under detaljprosjekteringen ble det fra vegvesenet's side foreslått en forlengelse av brukonstruksjonen, som ville resultert i kortere og lavere fyllinger, og en mykere vertikalkurvatur for brua. Fordyrelsen på godt og vel 1.mill.kr, ble ikke akseptert av finansieringsinstitusjonene.

I samarbeid med arkitekt har vi foretatt en del mindre estetiske forbedringer, som f.eks. endring av form på piler og landkarvinger, og farge-setting på kantbjelke og rekkverk.

Fra prefabrikasjonen av betongkonstruksjonene til brua, utført på Husøy i Karmøy.



"Fotsikre" vegarbeidarar i sko frå Sokndal

Vegvesenet er ein viktig kunde for Forma skofabrikk

- Nesten 50 skoprodusentar konkurrerer om å selja ca 400.000 par vernesko årleg i Norge. Av desse er over 40 utanlandske. I Norge produserer 4 fabrikkar vernesko. Den største av dei er Forma skofabrikk i Sokndal, som i 1991 produserte 65.000 par. Alt blir selt i Norge. Det vil seia at fabrikkjen har ein marknadsdel på over 15 %. Ein av dei store kundane er Statens vegvesen, som i fjor kjøpte ca 5000 par vernesko. Av desse går ca 200 par til Rogaland.


Tekst og foto: Harald Sel

- Me har ein avtale med Statens vegvesen for åra 1991-93, fortel disponent Tor Inge Gya. - Det er veldig betydningsfullt for oss at me kan ha slike sikre leveransar. Og ikkje minst er det ein god referanse for oss i marknadsføringa, at me er leverandør til ein landsdekkande og betydningsfull etat som Statens vegvesen er.

Stor konkurranse

- Men med nesten 50 aktørar på den norske marknaden, er det vel ein hard kamp om kundane?

- I dag klarer me å konkurrera både på pris og kvalitet. I tillegg har me den fordelan framfor dei utanlandske produsentane, at me ligg nær markedet. Me er ikkje større enn at me kan pleia personleg kontakt med kundane, og etterkoma spesielle ønske.



Disponent for Forma skofabrikk, Tor Inge Gya, ved eit stativ med joggesko-modellen. Denne skoen har blitt den mest populære verneskoen frå fabrikkjen.

Bedrift i framgang

Forma skofabrikk har hatt ei fin utvikling i dei siste par åra. I ei tid då store delar av næringslivet i Norge innskrenkar og reduserer arbeidsstokken, har Forma utvida produksjonen og arbeidsstokken.

Særleg var fjoråret godt. Då auka talet på tilsette frå 25 til 40. Dei fleste tilsette er kvinner. Og den positive trenden held fram. For den første delen av året er produksjonen 20 % større enn i fjor.

Ein reknar med at produksjonen i år vil bli 80.000 par, som er 15.000 par meir enn i fjor. Klarer bedriften dette, vil dei ha ca 20 % av den norske vernesko-marknaden.

EØS og EF

- Kva med å satsa på utlandet, f.eks. dersom EØS-avtalen blir vedtatt eller dersom Norge blir med i EF?

- Me er nok for små til å satsa på utlandet. Til det trengst det stor kapital som må satsast på marknadsføring. Ein EØS-avtale eller eit EF-medlemskap vil nok ikkje gjera det lettare for oss.

Nye anbudsreglar kan også vera ein fare. Dersom f.eks. Statens vegvesen må ut på EF-marknaden med store anbod, som levering av vernesko er, vil konkurransen bli endå hardare, seier disponent Tor Inge Gya.

Veghistoriske kulturminne

Statens vegvesen Rogaland har gitt ut ein folder om veghistoriske kulturminne i Rogaland. Her blir eit lite utval av den kultur-skatten fylket vårt har innan veg- og vegtransport presentert.

Også vegmuseet i kjellaren på Vegkontoret har fått ein kort omtale.

Norsk vegmuseum

Norsk vegmuseum ved Hundersfossen utanfor Lillehammer blir offisielt opna 22. juni. Det er eit imponerande anlegg som er bygt opp, både bygningsmessig og med utandørs anlegg.

Vegmuseet ligg like ved Hundersfossen fritidspark. Så her skulle det ikkje vera vanskeleg å bruka ein feriedag eller to.

Krifast

I Rogaland håper me på Konge-opning av Rennfast.

For det andre store Kyststamvegprosjektet som blir opna i år, Krifast (Kristiansund fastlandsamband), lukkast det ikkje å få Kongen til å foreta den offisielle opninga.

I staden blir det statsminister Gro Harlem Brundtland som kjem til opninga 20. august.

Samarbeid med Vest-Agder:

Storkontroll over 1 døgn på Moi

Biltilsynet går nye vegar i trafikksikringsarbeidet.

Samarbeid over fylkesgrensene er ein ting. Kontinuerleg kontroll på ei spesiell vegstrekning over lang tid, - gjerne opp til 2 døgn, er eit anna tiltak.

Tidlegare i vår gjennomførte etaten ein storkontroll ved E18 på Moi, der ein for første gong både samarbeidde over fylkesgrensa og kontrollerte samanhengande over 1 døgn.

Tekst og foto: Harald Sel

Ved denne kontrollen deltok folk frå biltilsynsstasjonane i Mandal, Flekkefjord, Egersund og Stavanger - 10 personer i alt. Dessutan deltok 6 politi frå Lund lensmannskontor og UP.

Samarbeid og samordning

Leiar for utekontrollen, Egil Olsen, har god tru på denne kontrollformen, - både samarbeidet mellom fylka og langvarige kontrollar.

- Samarbeidet er mellom anna nyttig for å utveksla erfaringar og planar. I det heile tatt må det vera eit mål at me får ei betre samordning mellom fylka. Det har f.eks. lite for seg at same bilen blir kontrollert 4 gonger på E 18 mellom Oslo og Stavanger.

Gjennom ølt heilt døgn blei alle tunge kjøretøy som passerte E 18 ved Moi kontrollerte. Her blir ølt av del mange vogntoga sett "under lupa". Arild Netland kontrollerer papira og fartskrivaren, som m. a. viser om kjøre- og kviletdreglane blir etterøvt. Rein Husebø kontrollerer bremsesystemet.

Ved å ha kontinuerlege kontrollar over lang tid blir kontrollen av tunge kjøretøy meir effektiv.

Når "jungeltelegrafan" går om at me er ute på vegen, vil ein del sjåførar venta med å kjøra og håpa på at me er snare til å pakka saman. Men å venta 1 til 2 døgn, - det er uråd for dei fleste.

Tryggande

Olsen fortel at under storkontrollen på Moi, blei kvart cinaste tungt kjøretøy kontrollert i det døgnnet kontrollen pågjekk. Dette virkar forebyggande, meiner han. Tungransportsjåførane ser at det ikkje nyttar å lura seg unna. Dei må fylgja spelereglane.

Kjøre- og kviletid

- Kva slags manglar og feil er dei mest vanlege ved kontroll av tunge kjøretøy?

- Brot på kjøre- og kviletidsreglane fins det ein del av. Kontroll av bremsene tar me svært alvorleg. Her fins det ein del manglar. Vidare gjeld det f.eks. manglar ved sikring av last og for tung last.

Kontroll over 2 døgn

- Erfaringane så langt tyder på at me kjem til å satsa vidare både med meir samarbeid over fylkesgrensene om kontrollarbeidet og me kjem til å ha kontrollar over lange tidsperiodar. Om ikkje lenge vil det f.eks. bli ein stor kontroll på E18, som skal gå kontinuerleg over 2 døgn, seier Egil Olsen.



Slik enda den turen. Kontrollen viste at bremsesystemet var defekt. Og utan bremsar nyttar det lite at "1001 - 1002 - 1003-regelen" blir praktisert.

Tanker på sykkelsetet

Knut Haus er født i 1915 i Greipstad. Han er utdannet ved Norges landbrukshøgskole. Han bosatte seg i Klepp i 1953, da han ble driftsleder ved Rogaland stamsædgard på Særheim.

Haus er sterkt engasjert i organisasjonsvirksomhet og politisk arbeid. Han var vararepresentant til Stortinget for Kr.f. fra 1961 og stortingsrepresentant fra 1973 til 1985.

På Stortinget gjorde Haus seg også bemerket som "husets sprekeste", bl.a. som deltaker i "Den store styrkeprøven" på sykkel og som skiløper under Stortingets holmenkollrenn.



Nattsykling over Dovrefjell under "Den store styrkeprøven".

Jeg sitter på sykkelsetet og trår meg fram. Det er tidlig sommermorgen på Jæren, og det er godt å leve. Jeg føler den store takknemligheten over at jeg, en mann på snart 77 år, har helse til å tilbakelegge mil etter mil for egen kraft.

Sykkelen, denne fantastiske transportinnretningen bærer meg fram. Den suger ikke krefter, den gir krefter og overskudd til bedre å kunne møte livets og hverdagens utfordringer. Trist at ikke mange flere bruker sykkel, til arbeidsreiser og til fritidsbruk.

Dovrevidda ved natt

En får tid til å tenke, når en sitter slik og trår. Og tankene er som regel gode.

Gode minner fra "Den store styrkeprøven" - sykkel-turrittet fra Trondheim til Oslo - gjenopplevs. Over Dovre-

vidda ved natt. Litt tussmørke, nesten lyst. Snø på toppene, grønt langs veien, fjellbjørka har nettopp fått blader. Og i dette bildet, denne endeløse rekke av syklistere, som i fullstendig stillhet tar seg fram over vidda.

Helsa og sykkelsetet

Tankene går også 27 år tilbake, da jeg som 50-åring lå på sykehus med en smertefull og ubrukkelig rygg. Overlege Gunnar Ulland på Sandnes sjukehus ga meg denne beskjeden: Du avgjør selv om du vil ha tilbake helsa eller

ikke. Du må være mer fysisk aktiv og mosjonere mer. Jeg fulgte Ullands råd. Ryggproblemene forsvant, og seinere har jeg aldri merket noe til lidelsene.

Jeg sitter på sykkelsetet og tenker på alle de som kunne gjøre mer for helsa si. Det er hevdet at livsstilen avgjør 90 prosent av helsa. Dette bør gi grunn til ettertanke hos mange, og til endring av gamle livsvaner.

Livsstil og alkohol

Helseproblemer som følge av livsstil. Det får tankene mine til å vandre videre enn til passivitet i forhold til mosjon. En stor del av sengene på våre sykehus fylles opp av folk med livsstilssykdommer, som helt eller delvis er forårsaket av alkoholbruk.

Som syklist, tenker jeg ikke minst på alle trafikk-tragediene forårsaket av alkohol. Hva ville det ikke bety for oss alle, om mange flere heller hadde latt seg beruse av gleden og velværet ved sykling eller andre former for mosjon?

Mosjon i eldre år

Ei god helse, og selv gjøre noe for helsa, betyr nok mer i eldre år enn det gjør tidligere, når mulighetene til aktivitet er så mange.

Jeg sitter på sykkelsetet og tenker på alle de glade stundene jeg har hatt i pensjonistforeningene, når jeg har kåsert og fortalt om trim og helse, og hva det betyr for meg å holde meg i form.

Da fletter jeg gjerne inn noen opplevelser jeg har hatt som trimmer og syklist. Særlig blir det gjerne opplevelser ved og omkring "Den store styrkeprøven" - Trondheim - Oslo". De er mange.

Svenskekongens "styrkeprøve-kommentar"

De årene jeg var stortingsrepresentant ble min "styrkeprøve-sykling" ofte kommentert, og jeg har mange morsomme episoder knyttet til dette.

Under en mottakelse for Kong Carl Gustav f.eks., ble det fortalt at jeg deltok på sykkelritt mellom Trondheim og Oslo.

"Men hvorfor sykklar ni så langt -, går det da inte tog og flyg från Trondheim til Oslo", kommenterte svenskekongen.

"Den store Styrkeprøven"

Når jeg trækker i veg, ser jeg gjerne for meg dette sykkelrittet som et bilde på selve livet.

Man starter fra Trondheim som en ungdom. Ved Støren begynner motbakkene i livet. Utforkjøringene til Dombås kan sammenlignes med gleden og optimismen med å stifte familie og etablere seg. Gudbrandsdalen er den lengste etappen, - den yrkesaktive delen av livet.

Ved Lillehammer begynner pensjonisttilværelsen. Motbakkene derfra forteller at kroppen ikke er like sprek som i ungdommen. Gjelleråsen er siste kneik, og snorkingen på hvilerommet ved mål i Oslo, - den lyder som et kirkeorgel.

Jeg trækker videre, og tenker: Hvor takknemlig en må være som har anledning til å være med i denne styrkeprøven.

Ny omkjøringsveg

Tryggare trafikk i Skjold

Stor biltrafikk tett innpå og med livsfarlege forhold for mjuke trafikantar. Snart er det slutt. I juli er den nye Rv.11 (tidlegare E76) gjennom Skjoldavik og Isvik klar til bruk.

14 millionar er prislappen på vegstuppen. 1350 meter lang er han og 140 går i tunnel. Både i Isvik og Skjoldavik går den nye vegen i bru over gamlevegen, som nå blir lokal ferdselsåre.

Tekst og foto: Harald Sel
Kart: Rolv Skjærpe

Lang ventetid

Skjoldabuane har venta lenge på den nye vegen. Då Samferdselskomiteen i Stortinget var i Rogaland hausten 1990 og reiste forbi Skjold, blei dei møtt av eit langt tog av foreldre med barn - både barn i vogn og på sykkel.

Bodskapan var: Nå har me venta lenge nok. La oss få omkjøringsveg før det skjer nye ulykker.

Om denne demonstrasjonen blei utslagsgivande skal vera usagt. Men på

statsbudsjettet for 1991 kom første løyvinga til prosjektet, slik at arbeidet kunne starta i september i fjor.

Formann Sverre Kvinneland ved anlegget mot Skjoldavik, slik det såg ut i april.



Eigenentreprise

Nære på heile vegprosjektet er utført av Statens vegvesen i eigen regi, men ein har nytta seg av ein del innleigemaskinar.


Bruene over den gamle vegen i Isvik og Skjoldavik har vegvesenet utført som eigenregi-entreprise. Ved anbudsopninga viste det seg at Statens vegvesen låg 200.000 kr lågare enn billigaste entreprenør.

- Staten har tent godt på dette. Anbudet var på 1,2 million, og det blir ingen overskriding, seier anleggsleder Rune Sandven.

Gang- og sykkelveg

Som eit "biprodukt" blir det av overskotsmasse frå anlegget, bygt ein 1300 meter lang gang- og sykkelveg langs Rv.11 frå Isvik til Dalavik.

Gang- og sykkelvegprosjektet er finansiert etter den såkalla Hå-modellen. Det vil seia at vegvesenet finansierer berelag og dekke, mens skjoldabuen sjøl gjer resten på dugnad.



Den nye riksvegen forbi Skjoldavik og Isvik. Kartet viser også den gamle vegen, som nå blir lokal ferdselsåre.

Lars Surdal - vegpensjonist og sauebonde

- Første lønninga var 25 øre

- Lars, nå er 2 sauer i gang med å lemme, og for den eine ser det ut til å vera litt vanskeleg. Kan du koma ut ein tur?

Det er Liv som ropar på mannen. Og han er ikkje sein om å springa ut i fjosen.

- Når du kjem her midt i lemninga, får du finna deg i å koma i andre rekke, seier Lars, idet han spring over tunet med Rygjavegen sin medarbeidar i helane.

Intervju og foto: Harald Søl

Ti minutt seinare er me tilbake i stova til Liv og Lars på garden Hellaren i Lund. I mellomtida har 4 lam kome til verda i sauefjaset. Den eine fødselen var komplisert. Men begge ektefellene har god erfaring som "jordmødre". Det er ikkje ofte dei treng dyrlege som fødselshjelp der i garden.

Godt pensjonistliv

I 2 år har han vore pensjonist nå, Lars Surdal. Men pensjonisttida fell ikkje lang når ein har gard og driv med sauer. Vakker og idyllisk ligg garden der, mellom fjell og skogkledde lier og med eit rikt fiskevatn. Når ein, i tillegg til all denne herlegdom, har ei god helse og føler seg sprek som ein 50-åring - minst - då er livet godt å leva.

Stor overgang

Men same kor godt det er å vera pensjonist og sauebonde, det var ein veldig overgang å slutta i fast arbeid, fortel Lars.

- Eg var, og er, veldig frisk. Har nesten aldri vore sjuk så lenge eg har levd. Og vegvesenet har nå liksom vore ein vesentleg del av livet mitt alt frå dei første barneåra.

20 øre i banken - 5 til snop

Faren, Henrik Surdal, var vegvaktar på den 12 km lange strekninga frå nåverande grense mellom Lund og Eigersund til Eie (Heskestad stasjon). Lars var ikkje gamle karen før han var med faren på vegen.

- Den første store jobben, som eg hugsar svært godt, var strøing av klor-kalsium framfor husa langs vegen. Dette skulle redusera støvplaga.

Me brukte hest og møkkakjerre. Far sat framme og kjørte og eg sat i kjerra og strødde med ei koksskuffe. To tønner - det vil seia 200 kg - skulle rekka til 12 km. Så det måtte fin berekning til for å få ei nokonlunde lik fordeling framfor husa.

For den jobben fekk eg 25 øre av far. Det var første "lønninga" mi. 20 øre sette eg i banken, 5 øre brukte eg til snop.


Skeiseis på vegen

Om Lars kan ein seia, at han starta som vegarbeidar straks han var ferdig med folkeskulen i 1942. Rett nok blei han ikkje fast tilsett før i 1950. Men alt som 14-15-åring arbeidde han i eit grustak utanfor Eie (Heskestad). Om vintrane var det snømoking - med skuffel og spade.

Framkomstmiddelet var sykkel. Men det hende at veg- og føreforholda gjorde

det nødvendig å koma seg fram på andre måtar.

- Ein vinter var det så forskrekkelig glatt, at eg skeisa heile vegen frå Hellaren til Eie. Altså 12 kilometer. Det var for så vidt greit det. Bilar var det svært få av. Folk flest ville gjerne ha glatt veg. Det var det beste når ein kjørte med slede og grevskodd hest.



Lars Surdal i sauefjaset. Mens me var på besøk kom ikkje mindre enn 9 lam til verda.



Lars med fiskevatnet i bakgrunnen. Garden hans på Hellaren ligg idyllisk mellom fjell og skogkledde lier.

Trafikkfarleg punkt utbetra

Saltebakken senka - ny g/s-veg

Eit farleg punkt på riksveg 44 over Jæren er utbetra. Saltebakken sør for Bryne er senka med to og ein halv meter.

Samtidig blir det bygt gang- og sykkelveg frå Time grense til eks. gang- og sykkelveg, som sluttar ved Krossen kafe. I haust skal arbeidet med gang- og

sykkelvegen halda fram nordover i Time, og knyttast saman med gang- og sykkelvegen som nå sluttar på Re.

Ved å senka Saltebakken blir det farlege krysset med vegen til Orre tryggare. Her har det frametter åra vore fleire til dels alvorlege ulykker.

Når gang- og sykkelvegen frå Krossen kafe til Re er ferdig, vil det vera samanhengande gang- og sykkelveg frå Bryne til Grødalaland i Hå, ei strekning på bortimot 15 km. Med berre få manglande ledd, er det også samanhengande gang- og sykkelveg vidare nordover frå Bryne til Sandnes.

Arbeidet med Saltebakken kostar 4,5 millionar kr. Til arbeidet med gang- og sykkelvegen i Time har ikkje vegvesenet pengar på budsjettet for 1992, men takka vera forskottering frå kommunen kan heile arbeidet utførast i år.

Frå arbeidet med senking av Saltebakken.



Sykkel og bil

Dette med å ta seg fram over lange avstander med sykkel eller til fots var elles ikkje noko ein reflekterte så mykje over. Ofte var sykkel einaste alternativet. Over ein lang periode arbeidde han f.eks. i eit grustak ved Terlands klopp. Då var det å sykla 15- 20 km. kvar veg.

- Rart å tenkja på i dag for meg som kom til å bruka så mange timar bak eit bilratt, seier Lars. Dei siste 20 åra av sitt yrkesaktive liv i Statens vegvesen arbeidde han stort sett som lastebilsjåfør.

Grus og asfalt

I fleire år arbeidde han på Grus- og asfalt i sommarsesongen.

- Dette var greitt på den måten at ein kom rundt og blei kjent i fylket. Ja til og med litt av Hordaland var me innom. På den andre sida var det ringt på den måten at eg måtte vera så mykje borte, seier han.

Liv ordna opp

Og når Lars var borte måtte Liv ta heile ansvaret heime. Dei to gifta seg i 1952. Han er ikkje snau når han roser kona si, mellom anna for arbeidet ho har gjort på garden.

- Eit år f.eks. låg eg på Varden i Suldal under sauc-paringa. Og det er litt av ein sjau, skal eg fortelja deg. Men det gjekk så greit, kan du tru. Liv ordna opp.

Fagforeningsarbeid

Lars har også vore ein aktiv fagforeningsmann. Frå 1953 var han ein periode formann i Arbeidsmannsforbundet, og han var med i det første hovedtillitsmannsutvalet saman med Markus Wiik og Karl Støle.

Han har altså på meir enn ein måte fylgt utviklinga frå den tida nesten alt blei gjort manuelt og til i dag, når maskinar gjer nesten alt. Me spør han om kva tankar han gjer seg om utviklinga.

Vinning og tap

- Endringane er kolossale, ikkje bare når det gjeld måten å arbeida på. Også klasseskillet er meir eller mindre borte. Tidlegare var vegsjef og driftsjef folk langt utanfor det tilsnakkande. Til og med ein oppsynsmann var noko svært.

Nå kan ein snakka til kven som helst og seia det ein vil. Sånn sett er forholda veldig gode nå.

Men på den andre sida har ein dette med stress og pengar, effektivitetsjag, måling

av kubikk og anna kav og jag. Slett ikkje alt dette er berre av det gode. Mykje er oppnådd, men verdiar er også gått tapt. Kor store tapa er, vil det nok enno gå ei tid før me kan vurdera skikkelg.

Verdiar og livsstandard

Me drøsar lenge over kaffikoppen, denne vårdagen på garden til Lars og Liv Surdal. Me sveipar innom så mange ting, som f.eks. verdival.

Kva gjer livet rikt å leva - kor går grensa der økonomisk vinning og effektivitetsjag meir blir ei ulempe enn å føra til menneskeleg lukke og god livsstandard?

Så effektive er me nok ikkje sjøl, der me brukar timar av ein yrkesdag til prat og kaffidrikking. Intervjuaren ser fleire gonger på klokka, og veit at han slett ikkje får tid til å gjera alt han har tenkt seg denne arbeidsdagen.

Då ropar Liv att, frå fjøsdøra. Ein sau til er i gang med lemming. Før eg reiser frå Hellaren er 3 lam til fødde. I alt har 9 små skapningar sett verdas lys sidan eg kom til gards.

Landskapsarkitekt for større miljø-satsing

- Eg skal vera med på å forma det estetiske, slik at vegen ikkje berre blir ein teknisk ting. Ein veg skal også vera vakker. Det kan ein i første rekke oppnå ved å ta omsyn til landskapet og reparera sår etter anleggsarbeidet. Hovedmålet er at ein veg skal virka naturleg i terrenget. Han skal føya seg inn i landskapet som om han alltid har vore der.

Intervju og foto: Harald Sel

Dette seier Terje Børsheim. Frå 1. januar i år har han virka i Statens vegvesen Rogaland i nyoppretta stilling som landskapsarkitekt.

Landskapsarkitekt-stillingane er relativt nye ved vegkontora. Fram til nyleg var det berre Vegdirektoratet som hadde ekspertise på området. Som eit ledd i arbeidet for større miljø-satsing, får kvart fylke nå sine egne ekspertar. Til nå er det tilsett landskapsarkitekt i 15 fylke.

Døde og levande ting

Terje Børsheim har 5 års utdanning ved Norges Landbrukshøgskole bak seg. Skilnaden på ein landskapsarkitekt og andre arkitektar, forklarar han slik:

- Arkitektur betyr først og fremst form. Ein vanleg arkitekt arbeider med form-giving på døde ting som f.eks. hus. Ein landskaps-

arkitekt arbeider med levande ting i tillegg til døde ting.

Me brukar naturelement for å laga form. Det gjeld terrengform, vatn, beplantning. I tillegg arbeider me med detaljer som belegningsstein og murar f.eks. Alle element skal samordnast og arbeidast inn i ein mest mulig harmonisk og vakker heilskap.

Med frå starten

I ein planprosess skal landskapsarkitekten vera med heilt frå starten., seier Terje.

- Mellom anna er det viktig å innarbeida kostnadane som er knytta til dei estetiske sidene ved ein ny veg, bru, rundkjøring o.s.v. Om berre kroner og øre skal avgjera, kan me lett få eit dårleg prosjekt. Dei landskapsarkitektoniske sidene av eit prosjekt spenner frå detaljer, som beplantning i ei rundkjøring til landskapsanalyse for å velja den beste og rette traseen.

Vegbygging fører alltid til store inngrep. Ei bru i eit landskap f.eks., - det er eit svært inngrep. Difor er det så viktig å plassera vegen eller brua slik at inngrepa blir minst mulig skjemma. Og aller helst, - at det ferdige anlegget skal føya seg vakkert og naturleg inn i landskapet.

Det er desse perspektiva som gjer jobben i vegvesenet så spennande og utfordrande, seier Terje.

God utvikling

Kva meiner så landskapsarkitekten om det som er gjort i fylket vårt? Fins det mange vegar og trafikkinnetningar som meir er til å gremma seg over enn til å gle seg over?

Me får ikkje noko direkte svar på spørsmålet. Terje Børsheim uttaler seg diplomatisk:

- På dette området har Statens vegvesenet generellt utvikla seg veldig dei siste åra. Terrengplassering, fin ferdigbehandling av skrånningar og skjeringar f.eks., er stort sett blitt bra.

At vegvesenet stort sett gjer fint arbeid, er allmenn mening mellom folk. Og det er jo veldig kjekt at folk legg merke til slikt.

Forventning

- Korleis føler du at du, som representant for eit nytt fagområde i etaten, har blitt mottatt mellom dei nye kollegane dine?

- Eg syns å merka at dei set pris på min inntreden. Det blir stilt forventningar til meg, og det er eg glad for.

Landskapsarkitekt Terje Børsheim ved Jærgata i Sandnes.

Arbeidet med ølt av prosjekta hans er i gang, - å flytta "velvaksne" tre frå Sandnes til Forus. Tre måtte flyttast då arbeidet med å bygga om Jærgata til miljøgate tok til. Då var det god ressursutnytting å omplanta trea i tilknytting til ølt gang- og sykkelveg-anlegg på Forus



Vårpuss på rasteplassane

Vegarbeidarar med spade ser ein ikkje så ofte lenger. Men trass i all mekanisering, framleis fins det mange slags småarbeid der skuffel og spade er meir tenlege enn store maskinar.

Her ser me Peder Vinge (t.v.) og Harald Refsland under ein vårpuss-runde på rasteplassane ved E 18 i Dalane.

